



Kinn kommune

Arkiv: FE-00, FA-A10
JournalpostID: 22/46061
Sakshandsamar: Runa Nybakk
Dato: 23.08.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|----------------------------|------------|
| 039/22 | Oppvekst- og kulturutvalet | 06.09.2022 |
| 059/22 | Formannskapet | 14.09.2022 |
| 122/22 | Kommunestyret | 22.09.2022 |

2 barnehageopptak årleg, eller fortløpande barnehageopptak i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i Kinn kommune sin økonomiske situasjon finn kommunedirektøren det vanskeleg å opprette nye barnehageplassar for barn som ikkje har rett til barnehageplass, jf barnehagelova § 16, på nåverande tidspunkt.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 06.09.2022

Oppvekst og kulturutvalet ønskjer ikkje å gjere vedtak i saka basert på noverande saksutgreiing. Utvalet er positive til å få ei løysing på bedre barnehageopptak for barn som ikkje har rett på barnehageplass, men ber adm om å sjekke korleis andre kommunar gjer dette, og legge det fram for formannskap og kommunestyre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 14.09.2022

Formannskapet ønskjer ikkje å gjere vedtak i saka basert på noverande saksutgreiing. Utvalet er positive til å få ei løysing på bedre barnehageopptak for barn som ikkje har rett på barnehageplass, men ber adm om å sjekke korleis andre kommunar gjer dette, og legge det fram for kommunestyre. Adm sender ut notat om ny informasjon og partia sender inn skriftlege spørsmål som kan svarast ut i kommunestyret.

Oppvekst- og kulturutvalet 06.09.2022:

Handsaming:

Fellesforslag, foreslått av Leif Magne Gil, Kinn Arbeiderparti
Oppvekst og kulturutvalet ønskjer ikkje å gjere vedtak i saka basert på noverande saksutgreiing. Utvalet er positive til å få ei løysing på bedre barnehageopptak for barn som ikkje har rett på barnehageplass, men ber adm om å sjekke korleis andre kommunar gjer dette, og legge det fram for formannskap og kommunestyre.

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Leiar Leif Magne Gil sitt framlegg til forslag samrøystes vedtatt.

OPKUV- 039/22 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet ønskjer ikkje å gjere vedtak i saka basert på noverande saksutgreiing. Utvalet er positive til å få ei løysing på bedre barnehageopptak for barn som ikkje har rett på barnehageplass, men ber adm om å sjekke korleis andre

kommunar gjer dette, og legge det fram for formannskap og kommunestyre.

Formannskapet 14.09.2022:

Handsaming:

Formannskapet sitt vedtak, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Formannskapet ønskjer ikkje å gjere vedtak i saka basert på noverande saksutgreiing. Utvalet er positive til å få ei løysing på bedre barnehageopptak for barn som ikkje har rett på barnehageplass, men ber adm om å sjekke korleis andre kommunar gjer dette, og legge det fram for kommunestyre. Adm sender ut notat om ny informasjon og partia sender inn skriftlege spørsmål som kan svarast ut i kommunestyret.

Orientering v/ kommunalsjef Runa Nybakk og kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå ordførar samrøystes vedtatt.

FORM- 059/22 Vedtak:

Formannskapet ønskjer ikkje å gjere vedtak i saka basert på noverande saksutgreiing. Utvalet er positive til å få ei løysing på bedre barnehageopptak for barn som ikkje har rett på barnehageplass, men ber adm om å sjekke korleis andre kommunar gjer dette, og legge det fram for kommunestyre. Adm sender ut notat om ny informasjon og partia sender inn skriftlege spørsmål som kan svarast ut i kommunestyret.

Kommunestyret 22.09.2022:

Handsaming:

Høgre, Venstre, Raudt, FrP, Arbeidarpartiet, foreslått av Arlene Vågane, Kinn Høyre
Kinn kommune skal gi ungar fødd i desember og seinare tilbod om barnehageplass, innanfor rammene av dette vedtaket:

I første omgang oppretter kommunen 14 plassar frå desember 2022 til juli 2023. Eksisterande vedtekter for tildeling skal følgjast så langt som mogleg er.

Kommunedirektøren skal:

- Sjå på muligheter til å ha økt kapasitet i private barnehager.
- Opprette ein vikarpool på same måte som dei har gjort innan helse.
- Kalkulere om redusert bruk av vikarar, positiv effekt på sjukefråver, tilflytting mv kan føre til redusert økonomisk konsekvens.

Økonomiske konsekvenser vert tatt inn i budsjettet for 2023. Tidleg i 2023 skal kommunedirektøren legge fram sak om korleis ein skal sikre fleksibelt barnehageopptak også på sikt.

Røysting:

Fellesframlegg frå H, V, Raudt, FRP og AP vedtatt med 36 røyster (11 AP, 4 V, 6 H, 4 R, 4 SP, 1 MDG v/ Solheim, 2 FRP, 1 SV v/ Rønhovde, UAH v/ Egeberg, Aare og Hopland)
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt med 2 røyster frå KRF og MDG v/ Haugland.

KOST- 122/22 Vedtak:

Kinn kommune skal gi ungar fødd i desember og seinare tilbod om barnehageplass, innanfor rammene av dette vedtaket:

I første omgang oppretter kommunen 14 plassar frå desember 2022 til juli 2023. Eksisterande vedtekter for tildeling skal følgjast så langt som mogleg er.

Kommunedirektøren skal:

- Sjå på muligheter til å ha økt kapasitet i private barnehager.
- Opprette ein vikarpool på same måte som dei har gjort innan helse.
- Kalkulere om redusert bruk av vikarar, positiv effekt på sjukefråver, tilflytting mv kan føre til redusert økonomisk konsekvens.

Økonomiske konsekvenser vert tatt inn i budsjettet for 2023. Tidleg i 2023 skal kommunedirektøren legge fram sak om korleis ein skal sikre fleksibelt barnehageopptak også på sikt.

Bakgrunn for saka:

I handsaminga av sak 91/22 1. tertialrapport 2022, med revidert budsjett – Kinn kommune, gjorde Kinn kommunestyre følgjande vedtak:

Punkt 9;

- *Administrasjonen skal komme med ei sak til kommunestyret 22. september der ein greier ut kva mulighet kommunen har for å tilby enten to barnehageopptak i året eller løpande opptak. Utgreiinga skal synleggjere heilårskonsekvensen for begge alternativa.*

Kommunedirektøren legg nå fram sak som synleggjer konsekvensane med å gjennomføre 2 barnehageinntak årleg, eller fortløpande barnehageinntak.

Saksutgreiinga vil ta utgangspunkt i lovverket som regulerer kommunen sitt ansvar for å innfri retten til barnehageplass, og status for barnehagedrifta i dag slik den er regulert i gjeldande lovverk.

Saksopplysningar:

Reguleringar i lovverket

Barnehageutbygging og barnehagedrift i kommunen er regulert i ulikt lovverk, som t.d. Plan og bygningslova (regulering av areal og bygg) og Barnehagelova m/forskrifter (rett til barnehageplass, lovkrav om drift og innhald i barnehagetilbodet). I tillegg regulerer ulike særlover og forskrifter tilhøva til tilsette og barn som oppheld seg i barnehagen.

Rett til barnehageplass

Kommunen har plikt til å tilby barnehageplass til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen (bhglova § 10, andre ledd).

Barn som fyller 1 år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august. Barn som fyller 1 år i september, oktober og november, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller 1 år. Retten er knytt til plass i barnehage i den kommunen barnet er busett (bhglova § 16).

Kvalitet og kompetanse

Barnehagelova § 24 definerer krav til leiing i ein barnehage, og §§ 25 og 26 regulerer pedagognorm og bemanningsnorm for barn over og under 3 år.

- 3 barn pr 100% stilling når barna er under 3 år
- 6 barn pr 100% stilling når barna er over 3 år
- 7 barn pr pedagogisk leiar når barna er under 3 år
- 14 barn pr pedagogisk leiar når barna er over 3 år

Barnehagen sitt godkjende leike- og opphaldsareal (LOA) regulerer kor mange plassar

ein barnehage kan tilby. Netto leikeareal (LOA) pr. barn i Kinn kommune er fastsett i samsvar med nasjonal rettleiande norm:

- 4-5m² for barn over 3 år
- 5,3-6 m² for barn under 3 år
- 2 m² for barn 3-6 år i friluftsgruppe (Vedtektene §12).

Tildeling av barnehageplass

Alle godkjende barnehagar i kommunen (kommunale og private) samarbeider om inntak av barn i barnehage, gjennom ein samordna opptaksprosess. Kommunen har ansvaret for å samordne prosessen, og ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass (bhglova §§ 17 og 18).

Vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn kommune

Barnehagelova § 8 *Krav til vedtekter* og Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage § 2 *Opptakskrets og opptakskriterier*, legg føringar for innhald når barnehageeigar skal utforme eigne vedtekter.

Kinn kommune som barnehageeigar har vedtatt *Vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn kommune* (Kinn kommunestyre sak 70/19). Vedtektene er korrigert i samsvar med endringar i barnehagelova gjeldande frå 01.01.2021.

<https://kinn.kommune.no/vare-tenester/oppvekst-og-utdanning/barnehage/vedtekter-for-barnehagane-i-kinn/>

§ 5 til og med § 10 i Kinn kommune sine vedtekter syner korleis Kinn kommune følgjer opp og ivaretek krav i barnehagelova, og forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage. Dette er viktig for å sikre søkjarane sin rettstryggleik og ha ei forsvarleg og effektiv sakshandsaming ved tildeling av barnehageplassar.

Kostnadar med barnehagedrifta

Rammetilskotet som kommunen får frå staten kvart år i budsjetthandsaminga til Stortinget, legg grunnlaget for lokale politiske vedtak som vert gjort av kommunestyret, inklusivt budsjettvedtak til barnehagedrifta.

Kostnadar med drifta av barnehagane er fordelt på foreldre (foreldrebetaling) og kommunen. Foreldrebetalinga er regulert i *Forskrift om foreldrebetaling i barnehage*, med nasjonalt fastsett maksimalsats, søskenmoderasjon og reduksjon i foreldrebetaling ved låg inntekt. Foreldre skal ikkje betale meir enn 6% av husstanden sin brutto inntekt i foreldrebetaling, regulert opp mot maksimalsats. Låg inntekt gjev også rett til 20 t/v gratis barnehageopphald for barn i aldersgruppa 2-5 år.

Kommunen må dekke kostnadar med barnehagedrifta som ikkje vert dekkja av foreldrebetaling. I tillegg må kommunen dekke kostnadar som ivaretek barn sine rettar etter barnehagelova kap VIII; § 31 Rett til spesialpedagogisk hjelp, § 37 Tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, § 38 Rett til tegnspråkopplæring og § 39 Barn med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).

Kommunen skal også gje tilskot til private barnehagar (bhglova § 19). *Forskrift om tilskot til private barnehagar* regulerer og legg føringar for utmålinga av tilskotet som dei private barnehagane har rett til. Utmålinga av tilskot er basert på rekneskapstal for drifta av dei kommunale barnehagane 2 år før tilskotsåret, og talet på barn i barnehage pr 15.12. året før tilskotsåret.

Status for barnehagedrifta i dag

- Kinn kommune tilbyr barnehageplass til barn som har rett til barnehageplass.
- Det vert gjennomført eitt samordna barnehageinntak årleg. Resten av barnehageåret har ein fortløpande inntak i ledige plassar etter venteliste. Barn har prioritet på ventelista etter alder innanfor kriteria 6.1 «rett til prioritet», 6.2 «rett til plass» og 6.3 «barn som ikkje kjem under kriteria 6,1 og 6.2».

- Barnehagedrifta er gradvis dimensjonert i høve fødselstala dei siste åra.
- Barnehagane organiserer barnegrupper i høve alder innanfor tilgjengeleg areal, og regulerer bemanninga og kravet til pedagog ut frå barnetal og barn sin alder.
- Barnehagane har grunnbemanning og pedagogdekning som stettar krava i barnehagelova.
- Vedtak om å opprette Solbakken asylmottak, busetting av flyktingar, familiegjenforeining og arbeidsinnvandring av barnefamiliar har kompensert for lågare fødselstal dei siste åra, men utfordrar nå barnehagekapasiteten særskilt i Florø-området.
- Vi ventar på godkjenning frå Arbeidstilsynet for å kunne ta i bruk tidlegare SFO-areal ved Krokane skule til barnehagedrift, organisert under Krokane barnehage.
- Private barnehagar i Kinn kommune får tildelt kommunalt tilskot basert på Kinn kommune sine 2 år gamle rekneskapstal for kommunal barnehagedrift, i samsvar med *Forskrift om tildeling av kommunalt tilskot til private barnehagar*.

Vurderingar:

2 barnehageinntak årleg, eller rullerande inntak

Administrasjonen er bedt om å greie ut kva moglegheit kommunen har for å tilby enten to barnehageopptak i året eller løpande opptak. Utgreiinga skal synleggjere heilårskonsekvensen for begge alternativa.

Kinn kommune ønskjer å vere attraktiv for tilflytting av barnefamiliar, og å tilby gode tenester. Dette er bakgrunnen for Kinn kommunestyre sitt vedtak i sak 91/22 punkt 9. Det skal vurderast om Kinn kommune kan tilby barnehageplass til barn etter kvart som barna fyller 1 år, før dei etter barnehagelova har rett til barnehageplass. Barnehageramma er auka med kr 0,5 mill for å kunne utvide tilbodet om barnehageplass.

Dei fleste foreldre skal tilbake i arbeid etter endt fødselspermisjon og har behov for barnehageplass. Familiar som har barn som fyller 1 år i desember og i perioden frå januar og til nytt barnehageår startar i august, får utfordringar med barnepass når fødselspermisjonen er over. Kontantstønad, og å vere heime med barnet er ikkje eit like aktuelt val for mange. Det er også utfordrande for arbeidsgjevar å måtte innvilge ulønna permisjon til nausynt arbeidskraft i bedrifta, fordi barn ikkje får barnehageplass.

Ei kommunal ordning som inneber at barn som fyller 1 år frå desember får barnehageplass, kan dimensjonerast til å gjelde aktuelle barn i aldersgruppa eller ei avgrensing som gjeld barn som er fødde i t.d. perioden desember til og med april påfølgjande år.

Ein vil klare å organisere ei slik ordning med eitt årleg samordna inntak med fortløpande inntak i etterkant. Det viktigaste er å informere om at ordninga er oppretta.

Viktige føresetnadar for å tilby barnehageplass for barn som fyller 1 år frå desember og første halvdel av påfølgjande år, er tilgjengeleg barnehageareal og at barnehagesektoren får tilført auka ramme til drift av nye plassar.

Utfordringar med ei slik ordning vil vere at;

- Barnehagekapasiteten må utvidast med nytt barnehageareal som vert nytta i delar av året.
- Dersom ein aukar tal på barnehageplassar i eksisterande barnehagar, må det opprettast delte stillingar. Få barnehagar har kapasitet til 3 nye barnehageplassar for barn under 3 år.
- Barn får ikkje barnehageplass i barnehagen som er prioritet 1 eller 2.
- Små barn skiftar barnehage kort tid etter at tilvenningsperioden er over
- Barnegrupper har nye barn på tilvenning store delar av året.

- Barnehagar går med overkapasitet i bemanninga i delar av året
- Det vil gje ei kostnadskrevjande barnehagedrift.

Dimensjonering av barnehagetilbodet

Kinn kommune har så langt dimensjonert barnehagetilbodet etter talet på barn som har rett til barnehageplass. Kommunen som barnehageeigar og private barnehageeigarar samarbeider om å gje barn i aldersgruppa ein barnehageplass i tilgjengeleg barnehageareal.

Plassar som vert ledige i kvar barnehage når barn startar på skulen, vert tilbydd nye søkjarar frå august i samband med samordna inntak i februar.

Søknadar til samordna inntak (hovudinntak) i februar, gjev oversikt over dimensjoneringa av barnehageplassar som må ligge til grunn frå august for å innfri retten til barnehageplass. Dette gjev ei føreseieleg drift både for kommunale og private barnehagar, som har ansvaret for økonomi, personalforvaltning og organisering av barnegrupper i samsvar med gjeldande lovverk.

I Kinn kommune har fødselstalet på barn dei siste åra vore vore synkande. I 2019 og 2020 var det fødde om lag 150 barn. I 2021 var fødselstalet ca 166. Fødselstalet i 2022 vert ikkje like høgt som i 2021. Både i 2021 og i 2022 har vi likevel ein auke i talet på barn under opplæringspliktig alder som følgje av vedtak om busetting og oppretting av asylmottak.

Pr 15.12.2021 hadde Kinn kommune ei barnehagedekning på 97,2%. Då hadde 807 barn barnehageplass. Til barnehageåret 2022-2023 er 812 barn tildelt barnehageplass. I dette talet er dei barna som startar i barnehage i løpet av hausten 2022 medrekna. Barnehagane har såleis liten endring i talet på barn for inneverande år, samanlikna med barnehageåret 2021-2022.

| Barnehage | 2021-2022 | 2022-2023 |
|------------------|------------------|------------------|
| | barn 1-6 | barn 1-6 |
| Brandsøy | 26 | 33 |
| Dalvegen | 26 | 27 |
| Eikefjord | 57 | 54 |
| Furuhaugane | 63 | 62 |
| Havrenes | 62 | 63 |
| Holvik | 48 | 52 |
| Krokane | 65 | 64 |
| Nepjarhaugen | 29 | 28 |
| Nyheimvegen | 25 | 22 |
| Skarevik | 41 | 38 |
| Skavøypoll | 70 | 77 |
| Stavang | 6 | 7 |
| Storevatn | 66 | 70 |
| Sørstrand | 74 | 73 |
| Torvmyrane | 69 | 68 |
| Trollskogen | 80 | 74 |
| Sum barn | 807 | 812 |

Kinn kommune får eit trekk i kriteriedata for rammetilskotet for 2023, då tal på registrerte barn i aldersgruppa 0-5 år i Folkeregisteret pr 01.07.2022 er lågare enn det barnetalet som var registrert pr 01.07.2021. Dette vert utfordrande å innarbeide i budsjett og økonomiplan frå 2023.

Avviket mellom registrerte barn i Folkeregisteret og reelle tal på barn som er busett i kommunen, har tilknytning til at barn på t.d.Solbakken asylmottak ikkje har

opphaldsløyve og dermed ikkje er registrert som innbyggjarar i Kinn kommune. Kinn kommune er og vertskommune for Krisesenteret i Sogn og Fjordane. Mange av dei som kjem til Krisesenteret vel å busette seg i Florø. Registrering i Folkeregisteret kjem ikkje alltid med på teljedataane for berekninga av rammetilskotet.

Kinn kommune tilbyr barnehageplass både til barn på Solbakken asylmottak og barn frå Krisesenteret, dersom dei søker barnehageplass.

Med utgangspunkt i tildelte barnehageplassar må dei fleste barnehagane organisere barnegruppene fleksibelt i høve tilgjengeleg areal og barna sin alder. Personalet vert dimensjonert i høve barna sin alder.

Barnehagebygg frå 1980-1990-talet er gjerne bygd med avdelingar med areal tilpassa grupper for barn under 3 år og barn over 3 år. Dette utfordrar arealutnyttinga og organiseringa av grupper. Ein del barnehagar har oppretta utegrupper/friluftsgupper som tilbod for dei eldste barna. Dette frigjer inneareal og gjer det lettare å organisere barnegrupper.

| Barneha- ge | Organisering grupper 2022- 2023 | | | |
|---------------------|------------------------------------|-------------|-----------------|-------------|
| | 1-2 år | | 3-5 år | |
| | bar n | gruppe r | bar n | gruppe r |
| Brandsøy | 9 | 1,00 | 24 | 1,33 |
| Dalvegen | 9 | 1,00 | 18 | 1,00 |
| Eikefjord | 23 | 2,56 | 31 | 1,72 |
| Furuhaug ane | 24 | 2,67 | 38 | 2,11 |
| Havrenes | 18 | 2,00 | 45 | 2,50 |
| Holvik | 20 | 2,22 | 32 | 1,78 |
| Krokane | 28 | 3,11 | 36 | 2,00 |
| Nepjarha ugen | 10 | 1,11 | 18 | 1,00 |
| Nyheimv egen | 11 | 1,22 | 11 | 0,61 |
| Skarevik | 15 | 1,67 | 23 | 1,28 |
| Skavøypo ll | 28 | 3,11 | 49 | 2,72 |
| Stavang | 2 | 0,22 | 5 | 0,28 |
| Storevat n | 25 | 2,78 | 45 | 2,50 |
| Sørstran d | 30 | 3,33 | 43 | 2,39 |
| Torvmyra ne | 23 | 2,56 | 45 | 2,50 |
| Trollskog en | 27 | 3,00 | 47 | 2,61 |
| Sum barn | 30 2 | | 51 0 | |

Pr 23.08.2022 er det 12 barn i opptaksområda til barnehagane i Florø-området på venteliste, og 2 barn i opptaksområda til barnehagane i Måløy-området på venteliste som er i aldersgruppa 1-5 år. Desse barna vert det nå arbeidd for å finne barnehageplassar til.

I Måløy-området har Skarevik barnehage tilgjengeleg barnehageareal. Barnehagen har tilpassa bemanninga i forhold til barnegruppa, og nye barn inn vil krevje auka bemanning.

I Florø-området ventar vi på godkjenning frå Arbeidstilsynet knytt til arbeidstilhøva for tilsette. Det er planlagt å utvide Krokane barnehage med 1 ekstra avdeling på Krokane

skule. Utviding med 1 ekstra avdeling vil m.a. krevje auka bemanning.

Slik situasjonen er på nåverande tidspunkt, har ikkje Kinn kommune nok ledig barnehageareal i Florø-området til å kunne tilby plass til barn etter kvart som dei fyller eitt år.

Økonomiske konsekvensar:

Kinn kommunestyre har bedt om ei utgreiinga som skal synleggjere heilårskonsekvensen for enten 2 barnehageopptak i året eller løpande opptak.

Den økonomiske heilårskonsekvensen vil sannsynlegvis vere lik uavhengig av om vi har 2 årlege barnehageopptak, eller løpande opptak, då begge alternativa handlar om å opprette fleire barnehageplassar.

Kinn kommunestyre har bevilga kr 0,5 mill til fortløpande inntak til barn for å gje barnehagestilbod til barn etter kvart som dei fyller 1 år. Med bakgrunn i stipulert kostnad basert på nasjonal sats, vil dette dekke kostnaden til om lag 2 barnehageplassar i eitt år, eller ca 3 barnehageplassar i 7 månader (desember til og med juni).

Kinn kommunestyre kan gjere vedtak om at barn kan få barnehagestilbod etter kvart som dei fyller 1 år, eller avgrense eit utvida tilbod om barnehageplass til å gjelde barn som er fødd i t.d. desember og til og med ein bestemt månad i påfølgjande år.

Føresetnadar for at dette skal kunne gjennomførast er:

- Nok barnehageareal som er tilrettelagt og godkjent for barn under 3 år
- Auke bemanninga (grunnbemanning inklusivt fleire pedagogar)
- Auke ramma til barnehagedrift, då utvida tal på barnehageplassar ikkje kan gjerast innanfor eksisterande barnehageramme

Vi kan ta utgangspunkt i at det gjennomsnittleg vert fødde 10 barn pr månad i Kinn kommune som skal ha barnehagestilbod før dei har rett til barnehageplass. Drifta av småbarnsplassar er den mest kostnadsdrivande, då bemanningsnorma er fastlagt til 9 barn pr 300% stilling.

Kostnaden med auka barnehagedrift kan stipulerast ved å legge nasjonale satsar for barnehagedrift til grunn. I 2022 er nasjonale tilskottssatsar til drift for barn under 3 år fastsett til kr 253 700,- pr barn. Denne summen inkluderer kapitaltilskot berekna for barnehagebygg ferdigstilt før år 2014, og kan leggjast til grunn dersom ein kan nytte ledig areal i eksisterande barnehagar. Må ein til med nybygg, er nasjonal sats inkludert kapitaltilskot for nytt barnehageareal i perioden 2020-2022, fastsett til kr 265 200,- pr barn.

Vi viser til slik stipulert årleg kostnad for nye barnehageplassar for 1-åringar som ikkje har rett til barnehageplass.

| Tal nye plassar | Nasjonal sats 2022 kr | | Stipulert kostnad, årsverknad kr | |
|------------------------------|-----------------------|--------------------|----------------------------------|--------------------|
| | byggeår før 2014 | byggeår 2020 -2022 | byggeår før 2014 | byggeår 2020 -2022 |
| 10 (barn f desember) | 253700 | 265200 | 2537000 | 2652000 |
| 20 (barn f desember -januar) | | | 5074000 | 5304000 |
| 30 (barn f desember-februar) | | | 7611000 | 7956000 |
| 40 (barn f desember-mars) | | | 10148000 | 10608000 |
| 50 (barn f desember - april) | | | 12685000 | 13260000 |

Kostnadane er berekna for eit heilt driftsår. 10 nye plassar vil gje ein årleg auka kostnad på ca kr 2,7 mill. I tillegg vil det kommunale tilskotet til private barnehagar auke basert på at den kommunale kostnaden til barnehagedrift aukar.

Tilsetting av nytt personale må gjerast i samsvar med gjeldande reglar i Arbeidsmiljølova, og etter kompetansekrav i henhold til barnehagelova.

Samla sett vil det vere vanskeleg for kommunedirektøren å tilrå auka barnehagekapasitet ut frå Kinn kommune sin økonomiske situasjon. På kort sikt må Kinn kommune først stette krav til barnehageplass til barn i aldersgruppa 1-5 år, før ein vurderer å tilby plass til barn som ikkje har rett til plass på grunn av alder.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Barnehagelova med forskrifter

Arbeidsmiljølova

Plan og bygningslova